



Fylkesmannen krev reguleringsplan for dette området. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen kan trekkja klagen i saka om frådeling ved Musland hvis eventuell utviding av næringsareal ut over dei 2,5 dekar som i dag vert nytta til næringsverksemd skjer gjennom reguleringsplan.

Kommunen har tidlegare avvist klagen frå fylkesmannen og oppretthalde sitt vedtak frå i sommar om frådeling av inntil 4 dekar frå eigedomen til Haldis Myklebust. Tomta skal nyttast til maskinstasjon og noko som tilleggsareal. I tråd med dette har kommunen gått inn for dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan, men det går altså ikkje fylkesmannen med på..Kommunen har telefonisk oppmoda om at klagen blir trekt, opplyser fylkesmannen.

Han meiner framleis at det er uheldig å dispensere frå LNF-føremålet og held fram at det er uriktig å stadfeste næringsverksemd i eit område der omsynet til kulturlandskapet burde vore tungvegande, Eventuell dispensasjon må avgrensast til å omfatte noverande bruk, innanfor arealet på 2,5 dekar. Utviding av næringsareal må skje gjennom regulering, meiner fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen